



Vekeplan - 1.trinn

~ veke 8 ~



TIMEPLAN:					
Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.15 - 9.15	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk	KARNEVAL Samling Norsk
9.15 - 9.45	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
9.45 - 10.45	Matte	Matte	Matte	Matte	Samf.
10.45 - 11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.15 - 11.45	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
11.45 - 12.45	Naturfag	KRLE	Norsk	Norsk	Musikk
12.55 - 13.55	Leiketime	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45
	Slutt 13.55				

LEKSER:	
Til tysdag:	Norsk: skriv orda på arket som ligg i leksemappa di. Skriv så fint du klarer.
Til onsdag:	Norsk: les i lesetrimheftet/høgfrekvente ord eller gå inn på appen «Aski Raski» på ipaden din. Må dei logga inn, vel Feideinnlogging. Brukernavn/passord er det som står under skjerm på ipaden. Vel grøn farge -> vel nr. 2 (Enkle stavingar) -> Høgfrekvente ord. Vel ei eller fleire av oppgåvene og jobb i minst 10 min. Matematikk: Jobb minst 10 min i matematikkheftet som du har i sekken din.
Til torsdag:	Norsk: les i lesetrimheftet/høgfrekvente ord. Sjå meir info i lesetrimheftet.
Til fredag:	Norsk: skriv setningane som står på arket i leksemappa di. Skriv dei på linjene under. Husk stor bokstav og punktum.



<u>Fokus for veka:</u>	
Norsk:	Me repeterer alle bokstavane i alfabetet. Eg kan forstå det eg les. Eg lærer om isbjørnen.
Matematikk:	Me øver på tala opp til 20.
Engelsk:	Eg kan skriva nokon dyr på engelsk.

Informasjon til heimen:

Vinterferie: Minner om at veke 9 er vinterferie. Første skuledag blir måndag 8. mars. Håper de får ein fin ferie og får slappa godt av:)

Bibliotekskort: Me har lyst å gå i skulebiblioteket etterkvart. For at elevane skal få låna bøker i biblioteket må dei ha lånekort med seg på skulen. Lånekortet får dei på biblioteket på Høguset. Lånekortet er gratis å få, men de er de føresette som må gå å få lånekort. Send lånekorta med i sekken, så tek me kopi av lånekortet. Dei får lånekortet med seg heim igjen slik at de kan bruka lånekortet på Høguset sjølv også.



Karneval: Fredag 26.februar har me karneval på skulen. Dei som har lyst kan kle seg ut, dei som ikkje har lyst kjem i vanlege klede. **Om ein vel å kle seg ut er det ikkje lov å ha våpen eller maske.** Me kjem til å ha ei samling i gymsalen og ulike aktiviteter i klasserommet.

Elevane skal ha med seg vanleg niste og skulesekk denne dagen.

Brukarundersøkinga SFO:

Me ønskjer å gje ungane eit best mogleg tilbod på vår SFO. Tilbakemelding kan du gje oss gjennom brukarundersøkinga som skal gjennomførast i perioden 15. til 26. mars.

I dag (22. februar) får ein av dykk føresette tilsendt ein testmail frå Visma Flyt skule. Om de ikkje mottek e-post denne dagen, er det viktig at de melder frå til Thorunn, SFO leiar, slik at me kan få registrert rett adresse på deg. Meir info finn de på SFO si heimesida.

Foreldrekontaktar:

1blå: Hilde Fundingsland Folkvord **1grøn:** Majda Ueland

1gul: Ellen Therese Svennevik Hein **1rød:** May Liss Risa Bransdal

FAU: Hilde Fundingsland Folkvord, **1blå**, tlf. 98622494.

Kom gjerne med innspel! FAU har møte den første torsdagen kvar måned.

Helsing Hanne, Therese, Mari og Thomas

Telefon skulen: 51 77 63 90, telefon arbeidsrom: 51 77 63 93,

telefon SFO: 95 49 41 10